

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 41, Knarvik
Ved Ole Jakob Aarland

Myking Bygdelag Trivselsgrenda
v/ fibergruppa

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
19. 04. 2016	
Ark. saksnr.	Løpenr.
14 330	
Saksh.	Tilgangskode

Myking 18.04.16

Fibernet til Mykingbygda

Viser til samtale 30.03.16 om utbygging av fiber/breiband til Mykingbygda. Me har forstått det slik at kommunen skal søkja departementet etter midlar til dette i løpet av april og her har me i Mykingbygda lyst å melda vår interesse. På årsmøtet vårt i mars vart det bestemt at det skulle settast ned ei gruppe som skal jobba for fiberutbygging på Myking og omegn, og no er 4 gruppemedlemer på plass. Gruppa har so smått byrja å snakka med ulike utbyggjarar og her er det BKK Fiber som kan vera mest aktuell. Gruppa har også byrja med interesseomåling for å finna ut kor mange av bygda sine innbyggjarar som er interessert i fiber.

Linjene som idag er i bruk her på Myking er sterkt prega av alderdom og gjentatte rotvelter. Dette fører til ustabile linjer og hastigheter som varierer stort over tid. Linjene er også til tider overbelasta pga utviklinga og trenden med auka hastigheter. I lange periodar og også linjetilgangen vore heilt fråverande og mange hustandar er utan interent tilkobling.

Me har fått eit overslag over antall bueiningar i bygda. For området Jordal – Bjørnevoll – Nævdal – Skauge og Myking – Hodne – Hodnekvam er det totalt 258 einingar. Tek me vekk ca. 30 hytter har heile Mykingbygda ca. 228 bueiningar.
I nærområdet rundt skulen er det 69 einingar og med fratrekk av ca. 15 hytter er det her ca. 54 einingar.

Me vonar å få tilbakemelding på dette brevet og når kommunen har fått svar på sin søknad til departementet. Me vonar og på eit godt samarbeid framover både når det gjeld fiber utbygging og andre ting.

Med venleg helsing

Harald Strømsnes
Harald Strømsnes
Gruppeleiar

Torstein Fyllingen
Torstein Fyllingen
Gruppemedlem

Øyvind Sæbø
Øyvind Sæbø
Myking Bygdelag Trivselsgrenda
Styreleiar